



# HAREID ROTARY KLUBB

Distrikt 2305  
Klubbnr. RK

Månedsbrev for februar 2016.

Årgang 51



Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.

President: Bernhard Harkjerr  
Visepres: Eileen Brandal  
Sekretær: Arne G. Aschehoug  
Kasserar: Johs. J. Hareide  
Past pres: Øystein Alme  
Styremedlem: Sverre J. Ulstein  
Styremedlem: Hanne Rognan  
Ansv.red.: Karin S. Holstad  
Referent: Karin S. Holstad

## Vinterkveld

Hvor træt jeg er i kveld! For øret ringer  
en dødsens klokke som saa mange gange.  
Da stanser jeg med ett. I mørket klinger  
ut mot mig en av mine egne sange.

Et oplyst vindu. Indenfor en kvinde.  
Jeg hører fjerntfra ordene, hun synger . . .  
Min ungdoms hav, som nu for gryets vinde  
i tonebølger morgengulblaa gynger!

Det strømmer mot mig fra det dødes rike.  
Det aander op at taakeslørtede vande.  
Jeg ser igjen en liten, vaarglad pike,  
og hun har drømmens glorie rundt sin pande.

Op av min ungdoms hav med smil om munden,  
med skimmer av en nytændt sol i haaret,  
med noget ærtende paa øienbunden  
blir hun mot lyset nu av sangen baaret.

Besynderlig! Fra gatens larm at flytte  
ind i en verden, hvor min sjæl har hjemme,  
at staa haabløs vinternat og lytte  
til klangen i min egen ungdoms stemme.

I raakoldt gufs av nat og mørketygge  
jeg tæker paa saa mangt. Jeg staar og tænker,  
at her paa jroden skaper skjønhet lykke,  
den eneste, som jorden ubrutt skjænker.

Saa tier sangen . . . Noe deilig tidde . . .  
Fra fjorden stiger taakelurens klage . . .  
Kom du, min elskte, hvem jeg engang vidde  
min sang i rike, strømmesterke dage!

Glemt at det bitre og det skjebnetunge.  
Det er saa mangt, som vi to har at glemme.  
Ta mig i haanden! Vi blev begge unge  
i varmen av en ukjent kvindestemme.

Nils Collet Vogt

### Rotarymøte 8.02.16

Godt oppmøte 28 medlemmar

Dagens tema: Magne Grimstad jr. viser bilder frå Hareidsdalen



### Rotarymøte 15.02.16

På programmet står egoforedrag ved Ove Midtflø eller foredrag ved Asle Geir Johansen om boka om Einar Holm. Om Alsle Geir har høve å kome, utset vi egoforedraget til seinare.

Rotarymøte 22.02.16

Robert Voldnes frå ÅKP (Ålesund Kunnskapspark) held eit foredrag om innovasjon og nyskaping. Han orienterte om det regionale tilbodet til ÅKP-systemet, samt tok møtelyden med på ei lita reise inn i framtida. ÅKP er Sunnmøre sitt eige innovasjonssystem som ein av to kunnskapsparkar i fylket.

Han orienterte om dei offentlege utviklingsprogramma som ÅKP køyrer innan maritimt, marin og møbel og ikkje minst avdeling for Nyskaping der han sjølv jobbar mest. Han er ansvarleg for «Industri inkubatorkontoret for søre Sunnmøre». Dette kontoret er ein del av SIVA (Statens industrivekstselskap) sitt landsdekkande nettverk, dessutan er kontoret og ein del av hoppid.no-ordninga, som er Møre og Romsdal Fylkeskommune si satsing på entreprenørskap. Kontoret i Ulsteinvik dekkjer hoppid – funksjonen til kommunane Hareid, Herøy og Ulstein. Ved Ålesundskontoret har dei i tillegg hoppid –tenesta til Ålesund, sula og Skodje.

Robert orienterte om dei store planane til ÅKP i samband med nysatsinga i bygget NMK 2 som no vert reist i Ålesund, der ÅKP skal ha inn inkubatorverksemda og Virtual Reality-satsinga si. Han var og innom div utklipp frå media som synte trendar i utviklingar innan ny teknologi og fekk fram forskjella mellom ein ide og ein innovasjon. Det er ingen innovasjon før ideen er sett ut i livet og genererer inntekter eller skaper verdi for ein kvan..

Robert vart tydeleg på at den omstillinga den maritime næringa no er inne i vert stor, og at der vil bli endringar i næringa. Men alt er i endring alltid, og endringar vil og må kome. Han vonar og trur at den maritime næringa vil overleve også i framtida, men at ein truleg vil sjå størst endringar og vekst innan den marine delen av næringslivet. Han synte foilar som synte potensialet innanfor den biomarine utviklinga. Eit svært aktuelt tema.



Rotarymøte mandag 29.02.16  
Programfritt møte.